Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Meldal

Emne: Måltider og mat

Bygdelag:

Oppskr. av: Sigurd Nilssen

Gard:

(adresse): Orkanger

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Minst 5 mål i gamle dagar, no er det vanleg 4 gang for dagen

2 Om morgonen først ein kom opp var det kaffi og kaku (omnsbrød), det var fastaboåtlå. Kl. 9 var det firridugur eller åbit. Kl 12 duggur (graut) Kl. ½2 kaffi og kakurenna Kl. 4 non (båttåmat) Kl 5 kaffi eller nonet. Kl 8 nattvord

3 Om vinteren i gamle dagar før kaffi kom ibruk, stod karane opp Kl. 4 om morgonen og gjekk ut på låven og trøska eit framlag med sluggu før dei åt noko. Så gjekk dei inn og åt kaldgraut og mjølk (skyr) og reiste ut på køyring i høy- eller vedskog. No er det ingen skilnad på sumar og vinter i matvegen.

4 Ekstramål var ikkje brukeleg i noko høve.

5 Hovudmålet var nok nonet

6 Til åbit var varm mjølkesuppe og steikt flesk, til dugur varm graut og til nons kjøt eller fisk

6998

7 Søndag var det alltid fortånnågraut, Koka kjøt og kjøtsuppe (kjøt og Kokning) Ellest var det mest likeeins
8 kvar dag, og ingen skilnad på sumar og vinter anna enn at dei åt meir skyr og kaldgraut om sumaren
9 Kjøt var mest brūka, fisk berre ein annan gong.
10 Flatbrød var og er allid brūka til båttåmat (kjøt, fisk, sild)
11 Det var som nemt søndagen som hadde litt annan matsetel, ellest der eine dagen mest som den andre
12 Skilnaden no mot før er mindre graut og meir båkkåkakū.
13 Sers gått lika er kjøtsødd og kjøt
14 og kokning. Fuglekjøt har fra gamal tid vore halde for ureint og er lite nytta enno. Makrel veit dei helst ikkje ha
15 Det som har gjort mest til omskifte i kosthaldet er handlarane, bakarane, fiskebilane og Løkken Verk eit stort industrisentrum med ein masse innflyttarar; der bur no det halve av folket i bygda. Brigde i tid for matmåla er lov om arbeidstid for landarbeidarar årsak til. Det første tida vart betre etter verdskrigen slutta folk med alle slag sūnogat i matvegen og vende attende til det gamle og ekte sålangt det let seg gjera. Krigen endra berre mellombels kosthaldet



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING